

Svært vellukka på kveldsarrangementet på Fjelly og.

21.05.2017



Hyttestyret kan sjå tilbake på ein super dag og kveld saman med Jimmy Øvredal og mange gjester.

Også andre del av jubileumsfeiringa av 100års-jubilanten Fjelly var svært vellukka. På kveldsarrangementet var det naturleg nok langt færre. Folk gjekk litt til og frå dei andre hyttene, men det vart talt til 49 under grauten, men det var fleire totalt. Alle kosa seg storleg. Hyttestyret får også mykje ros for opplegget under denne delen av festen.



Det var stemningsfullt under presenningen under kveldsprogrammet.



Veldig kjekt då Michael Røssland, Egil Våge og dei andre opptredde,

Audun Eik, ein av dei som har flest dugnadstimar på hytta gjennom mange år, fortel at det var veldig vellukka. Det var mykje godt program og det føregjekk delvis inne og ute. Først var det ei god stund inne i hytta før dei forflytta seg ut. Den gode mimringa var med heile tida.

Hovudgjesten Jimmy Øvredal kom med nye, gode røvarhistoriar. Akkurat då måtte dei trekkja inn under presseningen på grunn av regnbyge. Før det hadde han vist sine kunster på trekkspilet inne i hytta. Det var mykje gode musikkinnslag både i sampel og av enkeltutøvarar. Michael Røssland bidrog både med song og gitarspel, og Lina Håland fulgte opp det gode innslaget i dagprogrammet med meir vakker song. Egil Våge kom opp med fela si, og kva passar vel betre oppe i dei vakre kulissene ved Fjelly enn feleslåttar framført av ein dugande spelemann.

God rømmegraut med spekemat gjorde kvelden komplett. Den særdeles vellukka feiringa vart avslutta med vakkert bål seinare i forsommarnatta. Den gode stemninga vart teken vare på heilt til avslutninga!



[Jimmy Øvredal fulgte opp med nye gode røvarhistoriar på rim om kvelden.](#)

Vi gratulerer hyttestyret, Anette Sund, Janne Yri og Marian Hauso, og medhjelparar med eit fantastisk gjennomført arrangement!! Gubba kor flinke de er!! Dette var det verkeleg stas å vera med på!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel/Ståle Eik.